



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2011

Kontrollutvalet

Innhald

1	Innleiing	4
2	Samansetting av kontrollutvalet	4
2.1	Kontrollutvalet 2007 - 2011	4
2.2	Kontrollutvalet 2011 - 2015	5
3	Kontrollutvalet sitt formål.....	5
4	Kontrollutvalet sine oppgåver	6
5	Budsjett og rekneskap	6
6	Revisjon av fylkeskommunen	7
7	Sekretariat for kontrollutvalet	7
8	Kontrollutvalet si verksemd 2011	7
8.1	Møteverksemd	7
8.2	Fylkestingsaker fra kontrollutvalet	8
8.3	Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2010	8
8.3.1	Selskapskontroll 2010 – Risikoanalyse Fjord1	8
8.3.2	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2010	8
8.3.3	Revisorbrev 2010 – Oppfølging frå administrasjonen	9
8.3.4	Revisjon av fylkesvegrekneskapen	9
8.3.5	Forvaltningsrevisjon 2009 – Kompetanseprofil i fylkeskommunen – Oppfølging av vedtak i FT-sak 18/10.....	9
8.3.6	Forvaltningsrevisjon 2010 - Minoritetsspråklege elevar sine rettar – Oppfølging av vedtak FT-sak 41/10	9
8.3.7	Informasjonsstrategi for kontrollutvalet.....	9
8.3.8	Utøving av kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar og representantskapsmøte	10
8.3.9	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2010.....	10
8.3.10	Hurtigbåtsaka Sogn og Fjordane – Bergen	10
8.3.11	Revisorbrev 01/2011	10
8.3.12	Styrkt eigenkontroll – høyringsuttale – forslag til endringar i kommunelova og andre lover.....	10
8.3.13	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2010 – Individuelt tilpassa opplæring.....	10
8.3.14	Plan for forvaltningsrevisjon – Bestilling overordna analyse	11
8.3.15	Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigkeit	11
9	Andre forhold	11
10	Oppsummering	12

1 Innleiing

I det siste året for kontrollutvalet 2007 – 2011 hadde utvalet fokus på tilrettelegging for nytt utval, i tillegg til utvikling av tilsyns- og kontrollfunksjonen som utvalet har. Kontrollutvalet 2007 – 2011 ville sette opp forslag til opplæringsplan for det nye utvalet, og tok i dette arbeidet med seg den erfaringa utvalet sine medlemmar hadde opparbeidd seg dei siste åra.

Utvalet arbeidde vidare med synleggjering av kontrollutvalet, noko som resulterte i ein informasjonsstrategi som utvalet vedtok i sak 12/11 i møte 25.3.2011.

Kontrollutvalet var også dette året opptekne av gjennomføring og oppfølging av forvaltningsrevisjon, og utvalet handsama fire rapportar dette året.

Kontrollutvalet har i 2011 fortsatt hatt fokus på det gode samarbeidet med våre nabofylke sine kontrollutval.

Kontrollutvalet sine medlemmar deltok i 2011 på konferansar arrangert av NKRF og FKT.

2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 76. Fylkestinget vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

2.1 Kontrollutvalet 2007 - 2011

I perioden 2007 – 2011 har kontrollutvalet slik samansetting:

Leiar:	Claus Kvamme (H)*
Nestleiar:	Per Rune Vereide (SP)
Medlemar:	Kari Maria Rutle Fjærstad (AP) Siri-Bente Fuhr (FrP)* Helge Torstad (Krf)

* medlem av fylkestinget

Varamedlemar:

Møtande vara:	Ottar Hov (V)
2. vara:	Ranveig Årskog (SP)
3. vara:	Per Bjarne Molnes (AP)
4. vara:	Oddvar Østerbø (H)
5. vara:	Lars-Svein Drabløs (FrP)

2.2 Kontrollutvalet 2011 - 2015

For perioden 2011 – 2015 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Arve Mjømen (H)*
Nestleiar	Per Rune Vereide (Sp)
Medlemmar:	Kari Maria Rutle Fjærstad (Ap)
	Turid Vassliås Borgund (FrP)
	Kåre Jarl Langeland (V)

*medlem i fylkestinget

Det vart ved fylkestingsvalet 2011 vedteke at kontrollutvalet skulle ha partivise varamedlemer.

Varamedlemer 2011 - 2015:

	Høgre	Senterpartiet	Arbeiderpartiet	Framstegspartiet	Venstre
1	Kari Vikane	Geir Helge Østerbø	Jan Inge Buene	Ørjan Tystad	Elisabeth Normann
2	Berit Seljeseth Osa	Marit Aafedt Fjærstad	Margunn Masdal	Bjørg Sølv Refvik	Merete Kulset
3	Jostein R. Huneide	Iris Loftheim	Anne Marit Oppedal	Arve Glomnes	Jon Ove Lomheim

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

3 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal også sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet sitt formål er å medverke til at fylkeskommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

4 Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i kommunelova kapittel 12 og i forskrift om kontrollutval (forskrifta) fastsett av Kommunal og regionaldepartementet. I forskriftena er det gjeve nærmere reglar for val og samansetjing av kontrollutvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver i tillegg til reglar for sakshandsaming og sekretariat.

Fylkestinget vedtok i oktober 2011 reglement for kontrollutvalet der følgjande oppgåver vart vektlagt:

- Rekneskapsrevisjon, som omfattar bestilling av rekneskapsrevisjon frå revisor, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale om fylkeskommunen sin årsrekneskap og sjå til at revisor og fylkestinget sine påpeikingar vert fulgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av fylkeskommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnadar. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til fylkestinget.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontollar i samsvar med planen, og rapporterer til fylkestinget om gjennomførte selskapskontollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i fylkestinget foreta granskingar eller undersøkingar av fylkeskommunen si verksemde.

Kontrollutvalet skal ved starten av kvar valperiode utarbeide ein plan for verksemda i utvalet i perioden. Kontrollutvalet fastset sjølv innhald og omfang. Informasjonsstrategien til utvalet skal vere vedlegg til verksemdeplanen. Verksemdeplanen vert vedteken av fylkestinget.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til fylkestinget. Det er fylkestinget som vedtek desse planane.

5 Budsjett og rekneskap

Fylkestinget vedtok i april 2011 reduksjon i kontrollutvalet sitt budsjett på 0,350 mill. kroner for 2011. Kontrollutvalet vedtok at denne reduksjonen skulle innhentast ved reduksjon av kontrollutvalet sitt budsjett til reiser, i tillegg til reduserte kostnader frå SF revisjon IKS på 0,247 mill. kroner. Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2011 vart etter dette på 4,158 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2011 viser eit forbruk på 3,909 mill. kroner.

Mindreforbruket på 0,249 mill kroner i høve til budsjett fordelte seg slik:

• Kontrollutval	0,124 mill. kroner
• Sekretariat	0,036 mill kroner
• Kjøp av revisjonstenester	0,089 mill kroner

Innsparinga på 0,124 mill. kroner for kontrollutvalet i forhold til revidert budsjett er stort sett mindreforbruk i samband med møtegodtgjersle, kurs, reise og opphold. Sekretariatet hadde ei innsparing i høve til budsjett på 0,036 mill. kroner som stort sett er mindreforbruk på reiser og kurs/konferansar. Kontrollutvalet hadde eit mindreforbruk på kjøp av revisjonstenester i 2011 på 0,089 mill. kroner, som er eit resultat av noko mindre forbruk på finansiell revisjon, selskapskontroll og forvaltningsrevisjon enn budsjettert.

6 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Fylkeskommunen brukar SF revisjon IKS til utføring av finansiell revisjon og selskapskontroll. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS.

Til å gjennomføre forvaltningsrevisjon har fylkeskommunen forlenga rammeavtale med Deloitte AS. Denne avtalen vart signert 10. Juni 2009, og gjaldt for eit år, med opsjon til å forlenge avtalen årleg i ytterlegare 1+1+1 år. Fylkestinget vedtok i sak 2/10 og i sak 3/11 og 3/12 å forlenge avtalen i eit år, slik at avtalen no gjeld fram til 10.6.2013. Alle tre opsjonsåra er dermed nytta.

7 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillande sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2011 bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet. Slik organisering er naudsynt for å sikre uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn.

8 Kontrollutvalet si verksemd 2011

8.1 Møteverksemd

I 2011 vart det gjennomført 11 møte i kontrollutvalet og utvalet handsama 53 saker. Sju av møta vart avvikla på fylkeshuset.

Eit av møta vart avvikla som vitjing hjå Fjord1 (februar). Møtet hjå Fjord1 var sett i stand då utvalet ynskte å bli orientert om Fjord1 si drift, og bli meir kjend med dette selskapet. Fjord1 er eit av dei viktigaste selskapene fylkeskommunen er medeigar i, og kontrollutvalet vil derfor halde seg oppdatert på det som skjer i og rundt selskapet. På møtet fekk utvalet god orientering om Fjord1 som selskap og utvalet fekk eit godt innblikk i status for dagens drift og planar framover for selskapet.

Møtet 22. mars var avvikla som telefonmøte. Dette møtet skulle etter planen avviklast på fylkeshuset, men dårlig ver og stengde veier gjorde at møtet måtte utsettast til 25. mars. Det

vart gjennomført telefonmøte 22. mars for å diskutere sak om innsparing for kontrollorgan i budsjett 2011/økonomiplan 2011 – 2013.

Dei resterande to møta var avvikla på Alexandre hotell Loen, 6. april, og Stranda hotell, 26. mai.

Møtet 6 april vart gjennomført i samband med fylkestingssamling.

Møtet 26. mai var i samband med fellesmøte med kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune 25. – 26. mai. Kontrollutvala vitja Åknes/Tafjord Beredskapsenter IKS, som er ansvarleg for overvaking av fleire fjellparti der det kan vere fare for større ras. Rådmannen i Stranda kommune orienterte om dei spesielle utfordringane kommunen har som vertskap for verdsarvområdet. Representantar frå økokrim-eininga ved Sunnmøre Politidistrikt var og til stades og orienterte om politiet sitt arbeid med økonomisk kriminalitet.

Møta i kontrollutvalet var i 2011 gjennomført som opne møte.

Fylkesordførar, fylkesrådmann og revisorar får tilsendt møteinkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet. Kopiar av møteinkalling og saksliste vert sendt varamedlemane til orientering. Sakspapir og møteprotokoll vert i tillegg lagt ut på heimesida til fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje for saker som er unntake offentleg innsyn.

8.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja åtte saker til handsaming i fylkestinget i 2011. Tre av sakene utvalet fremja for fylkestinget var forvaltningsrevisjonsprosjekt:

- Forvaltningsrevisjon 2010 – Byggeprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune (FT-sak 2/11)
- Forvaltningsrevisjon 2009 – Individuelt tilpassa opplæring (FT-sak 9/11)
- Forvaltningsrevisjon 2011 – Næringsretta tiltak (FT-sak 44/11)

Kontrollutvalet fremja sak om utført selskapskontroll av Firda Billag AS for fylkestinget (FT-sak 58/11)

Dei andre sakene som utvalet fremja for fylkestinget var desisjon av møtebokene for fylkesutvalet og hovudutvala, rammeavtalen med Deloitte for leveranse av forvaltningsrevisjon, årsmelding til kontrollutvalet og reglement for kontrollutvalet.

8.3 Andre saker som kontrollutvalet handsama i 2010

8.3.1 Selskapskontroll 2010 – Risikoanalyse Fjord1

Kontrollutvalet handsama notat frå SF revisjon IKS «Risikoanalyse Fjord1 februar 2011» og vedtok i KU-sak 3/11 som følgje av vurderingane i notat å ikkje gjennomføre selskapskontroll etter kommunelova § 80 av Fjord1 Nordvestlandske på dåverande tidspunkt.

8.3.2 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2010

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon, selskapskontroll og attestasjonsoppdrag vart handsama og vedteke på kontrollutvalsmøte i KU- sak 6/11. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS.

8.3.3 Revisorbrev 2010 – Oppfølging frå administrasjonen

Kontrollutvalet handsama oppfølging av revisorbrevet frå 2010 i fleire omganger. Utvalet si oppfølging vart avslutta i KU-sak 47/11.

8.3.4 Revision av fylkesvegrekneskapen

Hausten 2010 dukka det opp spørsmål om kven som har ansvaret for revisjon av fylkesvegrekneskapen etter at fylkeskommunen sitt ansvar for vegsektoren vart kraftig utvida som resultat av forvaltningsreforma. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 8/11 å be SF revisjon IKS om å få revidert denne rekneskapen på ein kvalitetsmessig og kostnadseffektiv måte.

8.3.5 Forvaltningsrevisjon 2009 – Kompetanseprofil i fylkeskommunen – Oppfølging av vedtak i FT-sak 18/10

Kontrollutvalet mottok brev frå fylkesrådmannen januar 2011, som inneholdt ei oversikt over dei tiltak som var gjennomført og sett i verk etter forvaltningsrevisjonen. Brevet inneholdt i tillegg ei liste med tiltak som skulle gjennomførast i løpet av 2011 og 2012.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 9/11 å ta brevet til orientering og ba fylkesrådmannen i vedtaket om å orientere utvalet når oppfølgingane i rapporten er oppfølgde – seinast innan utgangen av 2012.

8.3.6 Forvaltningsrevisjon 2010 - Minoritetsspråklege elevar sine rettar – Oppfølging av vedtak FT-sak 41/10

Kontrollutvalet mottok 1.3.2011 rapporten «Status og tiltak for arbeidet med minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skuler sine rettar» frå administrasjonen. I rapporten står det at det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal arbeide med oppfølging av forvaltningsrevisjonen, og at arbeidsgruppa skal ferdigstille arbeidet innan utgangen av november 2011.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 10/11 å ta rapporten «Status og tidplan for arbeidet med minoritetsspråklege elevar i vidaregåande skule sine rettar» til orientering. Vidare vedtok utvalet at fylkesrådmannen orienterer kontrollutvalet når oppfølging av tilrådingane er gjennomførde, seinast innan utgangen av 2011.

8.3.7 Informasjonsstrategi for kontrollutvalet

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 12/11 utvalet sin informasjonsstrategi. Utvalet fekk med dette på plass grunnleggende prinsipp om kva som er målsetting med utvalet si kontakt med media, val av informasjonskanalar, kven som skal uttale seg og kva saker utvalet kan uttale seg om.

8.3.8 Utøving av kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar og representantskapsmøte

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 18/11 å gje leiar fullmakt til peike ut kontrollutvalsmedlemmar som skal vere til stades på generalforsamlingar eller representantskapsmøte inneverande år. I tillegg vedtok utvalet å be sekretariatet m å få på plass rutinar for utøving av møteretten for framtida.

8.3.9 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2010

Kontrollutvalet ga i KU-sak 20/11 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2010 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsmeldinga frå rådmannen og revisjonsmeldinga frå revisor.

8.3.10 Hurtigbåtsaka Sogn og Fjordane – Bergen

Utvalet handsama sak om å eventuelt gå vidare med saka om hurtigbåt mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i KU-sak 27/11:

1. Kontrollutvalet tek fylkesrådmannen sine orienteringar om saka, frå og med august 2008 fram til dags dato, til etterretning.
2. Kontrollutvalet vil ikkje gå vidare med saka “Konkurranse om snøggbåtrute Bergen – Sogn og Fjordane”

8.3.11 Revisorbrev 01/2011

Kontrollutvalet mottok revisorbrev 01/2011 17.6.2011. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 30/11 å be fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak for å følgje opp brevet.

8.3.12 Styrkt eigenkontroll – høyringsuttale – forslag til endringar i kommunelova og andre lover

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 31/11 å sende høyringsuttale til dokument «Høyringsnotat om endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)» frå Kommunal- og regionaldepartementet.

8.3.13 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2010 – Individuelt tilpassa opplæring

Kontrollutvalet mottok 14.11.2011 notat frå administrasjonen der det vert gjort greie for status for oppfølginga av tilrådingane i rapporten etter den gjennomførde forvaltningsrevisjonen og kva som må følgjast opp vidare.

Det vert gitt ei god framstilling over arbeidet med kvalitetssikring i opplæringssektoren. Det vert vidare vist til at oppfølginga av tilrådingane i rapporten i stor grad vil skje i løpet av 2012.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 46/11 å be fylkesrådmannen halde kontrollutvalet orientert om framdrifta i oppfølginga av dei tolv punkta i rapporten, og rapportere til kontrollutvalet når oppfølginga er fullført.

8.3.14 Plan for forvaltningsrevisjon – Bestilling overordna analyse

Overordna analyse vart vedteke å bestille i KU-sak 48/11. I vedtaket fekk leiar og sekretariatsleiar fullmakt til å utvide bestillinga til også å omfatte overordna analyse som grunnlag for plan for selskapskontroll.

8.3.15 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin uavhengigheit

Utvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS og oppdragsansvarleg revisor i Deloitte i sakene 49/11 og 50/11. Begge uavhengigheitserklæringane vart tekne til etterretning av utvalet.

9 Andre forhold

I tillegg til punkta over har kontrollutvalet utarbeidd budsjett for utval, sekretariat og kjøp av revisjonstenester, vedteke eit revidert budsjett for 2011, møteplan for 2012 i tillegg til å ha arbeidd ein del med eigne rutinar for gjennomføring av årsplan og oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og andre oppfølgingar. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Det har også vore arbeidd med å få på plass rutinar mellom sentrale tilsynsorgan og tilsynet som kontrollutvalet er ansvarleg for. Dette arbeidet har resultert i at rutinar for kommunikasjon om tilsynsplanar har kome på plass, slik at unødig dobbeltarbeid kan unngåast.

Nytt kontrollutval gjennomførde første møte 8.11.2011. Fylkesvaraordførar var til tilstades for å orientere om politisk leiing sine forventningar til kontrollutvalet. Fylkesrådmann var også til stades på dette første møtet for å orientere om fylkeskommunen si organisering og verksemd.

10 Oppsummering

Utvalet sine medlemmar har delteke på landomfattande konferansar i regi av Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).

Kontrollutvalet legg vekt på å vere nyttige medspelarar for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd. Kontroll og tilsyn er ikkje noko mål i seg sjølv, men eit middel for å nå dei oppsette måla.

Kontrollutvalet og sekretariatet håper det gode samarbeidet med fylkesadministrasjonen vil fortsette i 2012.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget.

Leikanger 22.5.2012

Arve Mjømen, leiar (s)

Per Rune Vereide, nestleiar (s)

Kari Maria Rutle Fjærstad (s)

Turid Vassliås Borgund (s)

Kåre Jarl Langeland (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 3, 6863 Leikanger
Telefon 57 65 61 01
Telefaks 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framside: Olden
Foto: Kirsti Horne/Sogn og Fjordane fylkeskommune